

Saksbehandlar: Aina Thomassen,  
Sak nr.: 21/2281-8

## Ny gangbru i Sogndal kommune

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite .....

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Samla liste over innsendte forslag med grunngjeving.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

30. april 2021 vert siste del av Fjordstien i Sogndal ferdigstilt med opninga av ny gangbru. I samband med opninga har kommunen lyst ut ein namnekonkurransé hjå innbyggjarane. Ein komité beståande av ordførar, tilsette og arkitekten for brua har landa på tre forslag som dei tilrår for kommunestyret.

### **2. Bakgrunn for saka**

Sogndal kommune lyste 29. mars ut ein namnekonkurransé på heimesida, med frist 16. april. Det kom inn 170 forslag. Det er kjekt at dette har skapt innbyggjarinvolvering og engasjement hjå store og små i kommunen vår.

Ein komité beståande av ordførar Arnstein Menes, samfunnsplanleggjar Sigrid Ølmheim, rådgjevar Aina Thomassen, og arkitekt Eyvind Øgar frå Stiv kuling arkitekter, har gått gjennom alle forslaga og peika ut tre innsendte forslag.

Komiteen har innhenta råd og rettleiing i høve nokre av namneframlegga frå tidlegare direktør for Språkrådet og språkvitar Sylfest Lomheim.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **Forslag 1: Fjørakloppi**

Innsendar seier følgjande om forslaget: Fjøra fordi brua er nesten i fjøra og fordi det eine landfeste er i Fjøra. Kloppi fordi dialektordet snart er heilt ute av bruk. Klopp vel eigentleg brukt om steinar/heller over ei grov (bekk), men meiner det bør gå. Og når ein samanliknar med Loftesnesbrui, så blir denne meir som ei klopp.

Sylfest Lomheim meiner dette er eit godt påkomme forslag. Her vil ein marknadsføra eit dialektord som nesten berre er kjent i Sogn og på Island då det stammar frå gamalnorsk. Ei klopp er ei lita steinsett bru på om lag 2-3 meter, difor meinte Lomheim at namnet hadde ein humoristisk karakter som fungerer godt.

Komiteén tykkjer namnet kling godt og at Fjøra er det lokale namnet på området. Vidare at konstruksjonen kan minna om steinheller ein la ut for å koma seg tørrskodd over vatn.

#### **Forslag 2: Sikksakken**

Her forklarar innsendar at namnet er vald basert på utsjånaden til den nye brua då plattformane vekslar mellom høgre og venstre.

Komiteén tykkjer namnet kling godt og at det er lett sei. Vidare trur komitéén at dette er eit namn som er lett å hugse, og som fort vil setja seg. Sylfest Lomheim er ikkje førespurt om dette namnet då komitéén ikkje var usikre på skrivemåte eller tyding.

#### **Forslag 3: Vandrasaman-brui**

Det har kome inn fleire forslag knytt opp til songen «Vi vandrar saman» og Olav Stedje. Innsendarane meiner mellom anna at det er på høg tid at Stedje vert heidra. Vidare har songen 40-årsjubileum i år. I tillegg meiner dei at dette namnet kan vera både heilt konkret og symbolsk – det er flott å kunne vandra saman over ei bru.

Forslaga som kom inn var mellom anna «Vandrar saman-brui» og «Vi vandrar saman». Lomheim meiner at ved å slå saman orda og ta vekk ein r, så kling namnet betre. Sidan ein gjer ein songtittel om til eit namn på ei bru er det heilt uproblematisk. Han meiner vidare at det er eit artig kulturord som kan høve godt som brunamn.

Komiteén tykkjer at Vandrasaman-brui treff godt på kommunen sin visjon og verdiar, og symbolsk knyt den nye kommunen saman.

### **4. Konklusjon**

Komiteen har vurdert alle innkomne framlegg. Namneforslaga varierer mellom lokalt forankra namn, historiske namn, namn knytt til personar og hendingar og namn som prøver å skildre form, utsjånad og plasseringa av denne brua. Komiteen meiner dei tre framlagde alternativa er dei tre beste framlegga, og tilrår at kommunestyret vedtek eit av dei som namn på brui.